

KONTAKT

KYRKJEBLAD FOR MELAND · NR.2/26 · 36. ÅRGANG



s. 2-3: Bli med til 1991!

**s. 4
Mi historie**

**s. 13
Bli med til Nepal!**

Frå barndommens kyrkjerom til vaksenlivets tilbakeblikk

Tekst og foto: Bård Magnus Lunde Dale

For 35 år sidan, i den aller første utgåva av Kontakt i 1991, blei ei gruppe barn intervjuet om kyrkja og barnas plass der. No har barna blitt vaksne, har eigne barn, og nokre har busett seg andre stader, medan fleire har kome heim att til Meland. Vi har klart å samle desse tidlegare unge intervjuobjekta til ein ny samtale om dei same tema. Samtalen var lengre enn vi kan gjengi her, men dette er nokre av hovudpunkta.

Barndommens kyrkjerom

Etter å ha skjenka kaffi og oppdatert kvarandre på kvar livet har ført oss, begynner vi å gå gjennom temaa frå den gamle artikkelen. Mykje av praten dreier seg om minna frå kyrkja slik ho var på byrjinga av 90-talet. Blant anna var galleriet både fascinerande og litt skummelt for eit barn. Trappa var bratt, og vi måtte sitje stille – elles kunne det gå gale. I alle fall kjendes det slik den gongen.

Kyrkja var eit naturleg samlingspunkt. Vi snakkar om søndagsskule parallelt med gudstenesta, om faste plassar på benkeradene og om korleis bedehuset og kyrkja samarbeidde tett. For mange av oss var desse bygga ein slags andre heim – ein stad der både tru og fellesskap fekk vekse.

Når samtalen beveger seg inn i ungdomsåra, blir stemninga ekstra engasjert. Ung Messe – særleg den som blei arrangert andre juledag – var eit høgdepunkt. Øvingane starta så snart vi kom heim til jul, og heile romjula var prega av musikk, fellesskap og forventning.

Det som gjorde Ung Messe spesielt, var at ho samla ungdom på tvers av forsamlingar og miljø. Det skapte eit fellesskap som fleire av oss meiner er mindre synleg i dag. Vi uttrykkjer eit sagn etter eit breiare ungdomsarbeid og håpar at nye tilsette og initiativ kan bidra til å byggje opp att noko av det vi sjølve opplevde.

Kyrkja i dag

Vi er einige om at kyrkja i dag er langt meir barnevenleg enn ho var då vi sjølve var små. Søndagsskule kvar gong i kyrkja, Lys Vaken, Tårnagentar og utdeling av bøker til

— Eg forstår ikkje alt pre

Ein fin junidag sit vi rundt kjøkkenbordet og pratar om kyrkja vår. «Vi» er Hilde Kristin, Eva Kristin, Kjersti, Tor Arne og Bård Magnus pluss Kontakt.

— Veit de at det er eit jubileum for kyrkja vår på Meland i år?

— Ja svarer ungane ikor, men kor gammal den kyrkja er, er det verre med. 100,300 år?? Etter mykje rekning og latter kjem vi fram til at det er 125 år sidan kyrkja vart bygd.

— Når vi no kanskje òg vert eige prestegjeld i år, er det naturleg at vi òg får vårt eige kyrkjeblad. Har de kanskje forslag på kva det bladet skal heite?

Bård Magnus: — «Meland Kyrkjeblad».

— Er de ofte i kyrkja?

— Ja.

— Når?

Eva Kristin: — Om søndagane.

— Kvar søndag?

Bård Magnus: — Når det er familiegudsteneste for eksempel.

— De er alle med i «Unge røster» på Frekhaug, og de syng av og til i kyrkja og. Korleis er det?

Tor Arne: — Kjekt!

— Korleis er det når det er vanleg gudsteneste?

Bård Magnus: — Kjedeleg, fordi preikene er litt lange.

Kjersti: — Eg forstår ikkje alt det presten seier. Det er betre når det er familiegudsteneste. Hilde Kristin: — Eg synst det er kjekkest å vera i kyrkja på julafta og 17. mai.

Eva Kristin: — Eg synst det er kjekkest i kyrkja når det er kyrjekaffi, for då får vi bollar og saft etter gudstenesta, og då kan vi springa rundt inni kyrkja og må ikkje berre sitja i ro.

— Kva kan vi gjera for at det alltid kan vera kjekt for barna i kyrkja?

Hilde Kristin: — Vi kunne bygd på eit rom til kyrkja der dei minste kune gå ut og kanskje ha søndagsskule under preika.

Bård Magnus: — Vi kunne hatt endå fleire barnebøker ein kunne låna.

Tor Arne: — Presten kunne brukt overhead med masse bilder når han preikar, slik at vi kan forstå kva han snakkar om.

Hilde Kristin: — «Unge røster» og andre barnekor – kunne få syngje enda oftare i kyrkja. Deter dei alle samde med Hilde Kristin om. Og no håpar dei at dei som lagar til gudstenestene høyrer litt på kva ungane og meiner i fortsetjinga.

— Har de og vore i kyrkja om kvelden?

Alle svarer «Ja» her!

Hilde Kristin: — Eg har vore på lysmesse.

Eva Kristin: — Eg har vore på konsert og på nyårsafta om kvelden.

Tor Arne: Eg har vore på konsert. Det var kjekt.

Bård Magnus: — Eg var òg på nyårsafta, det var rett for fyrverkeriet skulle begynna. Då vi køyrde heim kunne vi sjå raketane.

— Føler de at det er dykkar kyrkje?

Eva Kristin: — Det er jo alle si! Kjersti: — Ja, den er vår.

— Kvifor trur de at kyrkja vart bygd oppatt på Meland for 125 år sidan og ikkje for eksempel her på Frekhaug? Det bur jo ikkje så mange folk der?

Bård Magnus: — Det kan vera fordi at det hadde blitt veldig lang veg for nokre, viss ho hadde blitt bygd her nede. Ho er kanskje plassert midt på øya for at alle skulle ha like lang veg.

— Kva synst de om korleis kyrkja ser ut, utanpå og inni?

Tor Arne: — Ho er fin, men ho hadde kanskje trengt eit strøk maling.

Hilde leri i Bård må du vera på si noko. kane nær se detta

— K kyrkj Alle eller.

ulike årskull gjer at barn og familier er ein naturleg del av gudstenestelivet.

Samtidig trekkjer vi òg fram praktiske forhold. Vegen opp til kyrkja blir beskriven som smal og krevjande.

Fleire av oss uttrykkjer glede over planane om ei ny kyrkje på eit meir tilgjengeleg område. Kyrkjeterget blir nemnt som eit positivt døme på moderne lokale som fungerer godt for baby-song, språkkafé, møteplass og konfirmandundervisning.

Trass i endringar – både i kyrkja og i våre eigne liv – er det tydeleg at Meland kyrkje framleis betyr mykje for oss som vaks opp der. «Det er berre gode vibbar som kjem når vi tenkjer på Meland kyrkje», seier Kjersti, og vi andre nikkar.

Vi håpar at framtidens barn og ungdom skal få oppleve det same fellesskapet som vi sjølve fekk: eit inkluderande miljø, ein stad å høyre til og ei kyrkje som samlar generasjonar.


35 år etter det første intervjuet er det framleis dette som står att – fellesskapet, minna og ønsket om at kyrkja skal vere eit levande midtpunkt i bygda.

resten seier

Hilde: — Vi skulle hatt glasmaleri i vindauga.
Bård Magnus: — På galleriet må det gjerast noko, for det kan vera farleg med dei vindauga på sidene, for der er det ikkje noko som stengjer mellom benkane og vindauga. Viss ein lenner seg litt langt ut der, kan ein detta ned.

— Kvar liker de å sitja i kyrkja?
Alle svarer: — På galleriet — eller heilt framme!

Ein samtale
med Hilde Kristin
Eva Kristin
Kjersti
Tor Arne og
Bård Magnus
om kyrkja av
Berit Nøst Dale



KONTAKT

13



Frå venstre: Bård Magnus Lunde Dale, Hilde Kristin Fosse, Tor Arne Dale, Kjersti Dale Landro
Eva Kristin Dale Wessman var ikke til stades på dette møtet.



Vi tilbyr utleige av flotte festlokale og har gode cateringtilbod til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.

Sjå www.glode.no eller ta kontakt på 56 17 58 00



Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11
Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no

M E C A

KIWI mini pris

for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER

Åpningstider: Man-lør: 07.00-23.00

ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23

REMA 1000

FREKHAUG SENTER
tlf.: 56 17 60 00

Mi historie:

– Eg tok fyr, rett og slett!

Tekst: Eva Kristin Dale Wessman

– Jesus er det viktigaste i livet mitt, det baserer seg på Han! Dette seier tobarnsmor og avdelingsleiar i Bouvet, Bergen, Regine Sagstad Berg frå Grasdal.

Familien på fire er faste kyrkjegjengarar i Meland, noko som er eit aktivt val av livsstil. Det har ikkje alltid vore sjølvsagt.

– Som barn var eg helst å finne på fotballbanen, og eg fann mykje av identiteten min der, fortel Regine. -Eg ville vere ein dei andre frykta, med rå taklingar og harde skudd, og var ikkje redd for å meine noko. Men konfirmantleiren vart eit vendepunkt. Jesus banka på hos meg, hardt.

Minna frå den livsforvandlande leirkvelden strøymar på, og Regine fortel med begeistring:

– Siste dag på leir skulle vi gå på vandring gjennom ulike «bønestasjonar». Eit av dei siste stoppa var eit tomt rom der ein skulle lese ei bøn, høgt eller stille. Eg hadde tenkt å skunde meg igjennom, men enda med å lese bøn høgt fleire gonger. Hjartet mitt hamra der eg stod, aleine i rommet. Det var ingen musikk eller andre effektar, berre meg og Jesus og den lappen. Då gav eg Jesus eit ultimatum: - Eg vil ikkje forandre meg for å bli kristen, men fortsetje å få vere den eg er. Så gav eg livet mitt til Gud. Men endringar skjedde likevel - innanifrå. Jesus vil alle vel, og ingen skal vere redd for han. Då den største plassen i hjartet var blitt Jesus sin, fall det naturleg å ville likne på han.

– *Kva hende i tida etter leiren?*

– Eg opplevde å få bli del av eit fantastisk fellesskap eg ikkje ante omfanget av. Eg la merke til korleis dei kristne var saman «på tvers» og stod på for å lage lovsangskveldar, samlingar, leirar og anna for ungdommar og andre. Tida vår er noko vi vernar veldig om, og det gjorde inntrykk på meg at travle foreldre gav av si tid og til dømes inviterte oss ungdommar heim til seg for konfirmantundervisning. Her var det rom for å vere heilt meg sjølv. Det blei tent ein brann i meg, eg tok fyr rett og slett. Plutseleg fekk eg det travelt med å fortelje andre om Jesus, sjølv om eg var ung og livet var langt. Eg er jo ein leiartype med ei tydeleg stemme og blei utfordra til å leie møter og formidle trua til ungdom. Eg fekk spele på styrkane mine. Etter kvart trur eg at eg vart den yngste kvinnelege soknerådsleiaren i Noreg, fortel Regine, som seinare har blitt kåra til ein av Noregs fremste teknologikvinner (2020).

– Verva i kyrkja har bidratt til utviklinga mi, også for karriera, understrekar ho.



Regine saman med Løva, maskoten til søndagsskulen kalla «Løvegjengen». Foto: Solveig Fosse Skeie

– *Tenker du at det å bidra i fellesskapet er viktig for trua?*

– For meg er det på mange måtar kjekkare å vere vert enn å vere gjest, og det er godt å få bety noko for andre menneske. Då eg kom tilbake til Meland som ung vaksen, var Anne Sofie Uthaug (dagleg leiar, red.anm.) både veldig inviterande inn i fellesskapet og utfordra meg tidleg på å finna ei oppgåve, noko som gjorde at eg ville bli verande. Det var avgjerande at eg fekk ein invitasjon og at nokon sa at eg, med mine gaver, kan bety noko. På eit nådegåvekurs fekk eg lære å ikkje seie ja av plikt, men av glede. Men det har vore sesongar og periodar i livet då eg har trengt å berre ta imot. Det er viktig med kvile i periodar.

– *Kva betyr Jesus for deg no?*

– Alt. Han har gjeve meg så mykje. Som ung tenkte eg at eg kunne be Gud tilgje meg når eg vart gammal, og berre leve slik eg sjølv ville. Før eg fekk ordentleg oppleve det gode med rammene som er laga for oss, kjende eg det som reglar og krav. Men no tenker eg at ein ønsker ikkje noko anna for barna sine enn å skape gode rammer, slik at dei kan få leve trygge og gode liv. Sånn er det for Jesus også, trur eg.

Ho legg til: Håpar mi historie kan vere til inspirasjon og vekke nysgjerrigheit. Eg slår gjerne av ein prat!

Ein lengre versjon av intervjuet fins på kyrkja.no/meland

Frå kyrkjebenenken

Ein prat med Ida Marie Bogevik

Tekst: Ida Marie Bogevik

Foto: Solfrid Bogevik

– *Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?*

– Eg har deltatt så lenge eg kan hugsa. Som liten var det godt å sitte på eit fang og fargelegge bildet til det som var søndagens tekst. Hugsar det var spesielt spennande å få gå rundt alteret for å gje kollekt. Så har det vore nokre år utan å delta i kyrkja, men berre sporadisk vere med på møter. I seinare tid har eg vore meir involvert i kyrkja etter at eg blei vald inn i soknerådet.

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden din?*

– Hundvin kyrkjelyd vil eg skildre som ein liten kyrkjelyd, men med ein trufast og god gjeng som er aktiv i det som skjer i kyrkja, anten det er gudsteneste, dugnad, kyrkjekaffi, eller andre arrangement. Eg set pris på dei gode samtalane me har, omsorga som me har for kvarandre, og at me har det morosamt både under gudstenestene og på kyrkjekaffien.

– *Korleis vil du skildre kyrkja?*

– Guds hus, der ein får komme inn og ta imot det Gud vil gje til kvar enkelt av oss. Den faste liturgien på gudstenesta er god å halde fast i, den er med på å skape nærheit og respekt for Gud.

– *Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

– Ein god samtale anten med dei du kjenner godt eller med tilreisande til kyrkja. Det at me har tid til kvarandre, til å høyre etter korleis det går med kvarandre og viser omsorg for kvarandre, er oppbyggande for kyrkjelyden. Det skapar og ein arena der me kan snakka om dagens preike, eit godt møte me har deltatt på, eller til å invitere med oss fleire til å delta på dei ulike arrangementa som er i soknet.



Ida Maria Bogevik

Alder: 30 år

Bustad: Hundvin

Jobb: Barnehagelærer



ALVER
BEGRAVELSESBYRÅ



**Vi tilbyr gratis
fiolinmusikk og
solosang/forsanger**



Døgnvakt 56 35 00 00 Isdal 13, 5916 Isdalstø www.alverbegravelse.no

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør
av elektroinstallasjoner i Alver**

Vi utfører:

- Bolig og industri
- Alarm
- Billadere
- Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk
- Automatisering
- Godkjent for kontroll av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG



Når livet tek slutt



Gründer Marit Karin Vetaas Haukeland har ikkje tal på kor mange kister ho har pynta opp gjennom åra.

Dette gjer gravferdsbyrået

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

– Det er utruleg givande å få lov til å hjelpa folk når dei er på sitt mest sårbare og usikre i livet. Å gje omsorg til dei som sit igjen, er ein stor del av jobben vår, seier Marita Haukeland.

33-åringen har dei tre siste åra vore dagleg leiar i Nordhordland begravelsesbyrå, eit byrå som mora, Marit Karin Vetaas Haukeland, starta i det små i kjellaren heime på garden på Radøy i 1987.

Eit gravferdsbyrå er sær viktig når personar skal gravleggast eller bisetjast. Berre i fjor arrangerte byrået, med hovudkontor i kyrkjelydshuset i Alversund, godt over 200 seremoniar i Nordhordland og Solund, samt i Vaksdal, der dei har ei eiga avdeling.

Veiledning på brei basis

Vi møter Marita ein mandag morgon på kontoret i Alversund. Ho skal gi oss ei oversikt over korleis Nordhordland begravelsesbyrå jobbar heilt frå dei får melding om eit dødsfall til etterarbeidet er unnagjort når seremonien har funne stad.

– Som oftast er det pårørende som ringjer oss. Men det hender politiet tar kontakt også dersom det har vore ei dødsulukke eller det er snakk om ein rettsleg obduksjon. Det første som skjer når pårørende tar kontakt, er at vi avtaler eit møte her på kontoret, der vi går gjennom det som trengst og kva familien ønskjer skal skje vidare.

– Og det kan vera ganske omfattande?

– Ja, det er mykje som skal på plass. Vår rolle er å gi veiledning på brei basis og prøva å etterkomme ønskjene frå familien.

Mange praktiske oppgåver

Marita ramser opp følgjande tema i samtale med pårørende:

- Formell melding til tingretten om dødsfallet
- Gjennomgang av offentlege papirer som må fyllast ut
- Utforma dødsannonse
- Kontakt med kyrkjekontoret om tid og stad for seremonien
- Gjennomgå mange praktiske ting, t.d. som forsikringar, abonnement og bankkonti, der det må føreliggja ein skifteattest før ein får ordna det
- Val av kiste, eventuelt urne, og hjelp til det

Når livet tek slutt

- Alt det praktiske som skal skje i kyrkja, som val av songar, blomar, eventuelle solistar, laga programhefte, kva bilde som eventuelt skal brukast
- Ta bilder før og under seremonien i kyrkja til minnebok som familien får
- Skal det vera minneord? - og kven skal vera med å bera kista?
- Andre rutinar ved bisetjing

- Samt fleire andre detaljar som dukkar opp under samtalen med dei pårørande

Opp til eksamen kvar gong

- Det aller viktigaste er å ivareta den nærmaste, sørgjande familien. Dei skal naturlegvis sjølve ta mange av desse avgjerdene. Vi må spela på lag med kvarandre. Nokre er ganske trygge når dei kjem til oss, medan andre er så prega av sorga at dei treng ekstra omsorg, hjelp og oppfølging, seier Marita og legg til:

- For oss er den neste seremonien alltid den viktigaste. Vi går opp til eksamen kvar gong. Det skal ikkje skje feil, vi får ikkje ein ny sjanse.

- Kva kostar ei gravferd kontra ei bisetjing?

- Alt er avhengig av kva val ein gjer. Ein kan velja ei rimeleg løysing for gravferd med fastpris til 29.770 kroner. I ei slik pakke er innhaldet bestemt på forhånd, for å halda kostnadane nede. Tilval kjem då i tillegg.

Kostnaden er den same for bisetjing, men då kjem kremasjonsavgifta på 5830 kroner i tillegg. Alver kommune betalar ikkje for kremasjon for innbyggjarane sine, slik dei gjer for eksempel i Austrheim, Bergen og Vaksdal. Familiane må betala dette sjølve.

Marita er elles bekymra for at mange gravplassar i regionen er i ferd med å bli fulle.

- Ser ein på kostandane med å byggja ein ny gravplass kontra å betala kremasjonsavgifta, så er det sistnemnde som er desidert billegast og plassbesparande på gravplassane i Alver, seier ho.

Fekk sparken av mamma

33-åringen byrja å jobba for mora alt som 14-åring heime på Haukeland på Radøy.

- Eg starta som bilvaskar. Ein gravferdsbil skal alltid vera rein. Men når du er 14 år, er det ikkje alltid like gøy å gjera som mor di seier. Eg var ikkje nøye nok, bilane var ikkje reine når dei skulle vera det, og eg fekk rett og slett sparken, seier ho og ler godt.

- Eg måtte skriva skriftleg klage og lova at eg skulle gjera jobben betre.

Seinare var Marita med på seremoniar då det var behov for det, men ho utdanna seg til musikk lærer og var lærar i Bergen fram til 2021 då ho starta på fulltid i selskapet. Frå årsskiftet 2022/2023 tok ho over som dagleg leiar etter mor si.



Marita Haukeland er andre generasjon dagleg leiar i Nordhordland begravelsesbyrå. - Vi er heldige som har flinke medarbeidarar, seier 33-åringen.

Har verv i Heder og Virke

Nordhordland begravelsesbyrå har sju heiltidstilsette gravferdskonsulentar, pluss fire personar som på deltid fyller opp helgevaktene. Byrået har eige blomsterbinderi i kjellaren og utstilling av kister og urner i lokala sine i Alversund.

- Krevst det formell utdanning for å bli gravferdskonsulent?

- Nei, men det er jo ikkje ein jobb som passar for alle. Ein må vera empatisk, roleg, kunne lesa folk, rett og slett vera eit godt menneske. I tillegg oppstår det tidvis sterke inntrykk, som for eksempel når vi hentar døde menneske på ulukkesstader. Derfor er vi også alltid to på jobb samtidig.

Byrået er medlem i hovudorganisasjonen Virke og er med i samanslutninga Heder. Heder er eit landsdekkande samarbeid av gravferdsbyrå som er lokale og familieeigde.

- Vi er medeigar i Heder, saman med 34 andre byrå over heile landet, seier Marita, som har sentrale verv både i Virke og Heder.

Kallar seg «kirkens nødhjelp»

Gründeren av byrået, Marit Karin Vetaas Haukeland, kan neste år feira 40-årsjubileum for verksemda. si.

- Og no er det du som trør til ved behov?

- Ja, no når eg har overlatt roret til Marita, kallar eg meg sjølv for «kirkens nødhjelp». Eg bidrar dei gongene det er ekstra travelt.

Nestoren utdanna seg først til blomsterdekoratør og jobba etter utdanninga i ein blomsterbutikk austpå, som også dreiv som gravferdsbyrå.

- Eg tenkte at det var ingen slike byrå i heimkommunen min, bortsett frå ein eldre mann som var gravferdsagent for Solstrand. Då bestemte eg meg for å starta Nordhordland begravelsesbyrå heime i kjellaren på Haukeland, smiler Marit Karin, idet ho heldt på med siste pyntinga av ei kiste i Sæbø kyrkje.

Bli med på olsokfeiring på Fjon!

Tekst: Torbjørn Sæle

Det er lang tradisjon for at folk for heile Nordhordland samlast til olsokfeiring på Fjon fjellkyrkje 29. juli. I år er det Radøy sokneråd som i samarbeid med styret for Fjon fjellkyrkje har ansvaret for arrangementet.

Årets olsokfeiring startar med gudsteneste kl. 18.00 ved sokneprest Torbjørn Sæle og organist William Kay. Deretter vert det servert rømmegraut med tilbehør, kaffi og kaker, og det blir sjølvsaft årsal med fine gevinstar! Kvelden vert avslutta ute ved bålpanna for dei som ønskjer det. Vi håpar mange vil ta turen til fjellkyrkja 29. juli også dette året.

Olsokfeiringa på Fjon har blitt eit fint samlingspunkt sommarstid. Samstundes er dette ei viktig inntektskjelde for fjellkyrkja. Dei siste åra har det vore gjort fleire kostbare oppussingsprosjekt med både nye dusjar og nye lampar. Det er alltid mogleg å gje ei gåve til Foreininga Fjon fjellkyrkje på Vipps #945857.

Har du lyst og høve til å bidra i samband med årets olsokfeiring 29. juli?

Det trengs folk til å dekkja bord, baka ei kake, vera parkeringsvakt, røra i grauten, servera mat, vaska opp, passa bålpanna m.m. Har du lyst å bidra med noko, ta gjerne kontakt på epost eller SMS til Grethe Lunde, gl877@kyrkja.no, 906 13 452.

Sjåast på Fjon onsdag 29. juli kl. 18.00!



EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE



Torvhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA



SIKRINGEN
din elektriker

Knarvik Blomsterstove



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

PHILIP PEDER NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HÉR FOR **deg**

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund Havnevegen 31 Frekhaug Elvavegen 1 Dalekvam

VATNE begravelsesbyrå



Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

vatne-byra.no

Ny serie: Høytidene våre

Tekst: Jan Rantrud
Foto: Berit Nøst Dale

”Kirkeåret” inneholder noen viktige høydepunkter – eller høytider – som kulturen vår er preget av. De kommer igjen hvert år – nesten til samme tid som året før – og inneholder til sammen alle de viktigste fortellingene i kristendommen. De forteller hva kristen tro er på en konkret måte. I kirken begynner det nye året med advent – de fire siste ukene før jul. Men julen var ikke den første høytiden som ble feiret. Det var påsken. Jul begynte de kristne å feire først på 300-tallet.

I dette bladet starter vi med påsken og pinsen, og julen kommer så i julenummeret.

HVORFOR HETER PÅSKEN PÅSKE?

I 2. Mosebok leser vi om da israelsfolket gikk ut fra Egypt for å vandre gjennom ørkenen til det lovede landet. Et dramatisk høydepunkt var da en engel skulle slå ihjel alle førstefødte barn i Egypt. Men de husene engelen gikk forbi, var de hvor Gud hadde sagt til folket sitt at de måtte smøre blod fra påskelammet på dørstokkene og øverste dørkarmen. Gamle kirkeledere har pekt på at det betydde at de måtte bevege armen som om de tegnet et kors. Det ofrede lammets blod berget livet til Guds og Lammets folk.

Det hebraiske ordet for “gå forbi” heter PESACH, hvor CH i alle transkriberinger uttales som lyden når katten freser. Derfor fikk vi ordet PÅSKE på både skandinaviske og andre nordeuropeiske språk. De engelsktalende var gode nok til å oversette det og kaller det Passover.

For jøder og israelitter er det til minne om folkets mirakuløse berging fra Egypt, og for kristne er det også om hvordan alt startet da Jesus ble korsfestet og sto opp igjen.

Men selv om påsken har vært feiret hvert år gjennom snart omtrent tre tusen fem hundre år, har man ikke vært helt enige om hvilke datoer som gjelder. Den israelittiske påsken skal feires når innhøstingen av bygg er ferdig, det forandrer seg med sted og tid.

Men at påskens historiske grunnlag er det samme, har jeg selv som et av mine største minner om en påske for mange år siden i Israel. Vi feiret påske på den tiden katolske og protestantiske kristne gjør det. Vi var med både i Gravkirken i Jerusalem hvor både Golgata og graven er, og i den nye nyere protestantiske gravhagen i nærheten, men også andre dager hos de gresk- og russiskortodokse, de armenske og arameiske menighetene, og i jødiske synagoger. Det mest dramatiske var på toppen av Garisimfjellet hvor samaritanene slaktet sitt påskelam nøyaktig etter bibelske forskrifter.

Men om tid og språk alltid forandrer seg, er påskens historiske innhold akkurat likt hele tiden.

Vår nattverd er fortsettelsen av det påskemåltidet Jesus innstiftet med disiplene. Vi ber og synger, men kommer ikke til å si “takkt for maten” før den dagen han kommer hit selv.

Den store høytiden pinse

Vårt ord Pinse er en forkortelse av det greske ordet Pentekoste, som betyr Den Femtiende. Andre nordeuropeiske språk som tysk, svensk og dansk har gjort akkurat det samme som oss. Engelsktalende og andre har beholdt sine egne versjoner av det greske ordet.

Men det hebraiske grunnordet er Sjavuot, som er flertall av ordet sju. Vi finner bakgrunnen i Mosebøkene. Etter at israelittene var ferdige med innhøstingen av bygg, skulle de starte med å høste hveten. Slik har man jo alltid gjort det, men alle startet jo ikke samtidig. Fra den dagen man begynte, skulle man fortsette i sju uker - slik fikk de det hebraiske ordet -, og så telle sju uker, dvs. sju ganger sju dager til alt var ferdig den femtiende dagen. Slik kom det greske ordet og vårt ord inn.

De har feiret pinse i mange tusen år, og når vi leser om det i Apostelgjerningene og andre steder i Det nye testamentet, ser vi hvor fornyende det virkelig var for alle og hele kirken. Det kom folk med alle slags fremmede språk til Jerusalem, men Den hellige ånd lot plutselig alle forstå evangeliet om Jesus - uansett språk.

Jeg blir selv aldri ferdig med å se virkeligheten i det som skjedde og skjer. Det ene er alle dem som ble døpt i Jerusalem den dagen. For en god del år siden fant arkeologene hundrevis av store rensesbasseng for dem som skulle inn på tempelplassen da tempelet sto der på nytestamentlig tid. Det var titusener hver dag, så de tre tusen nydøpte kristne var bare en liten del av en kjempestor folkemengde som gjorde akkurat samme handling i bassengene.

Og det er kanskje enda mer konkret i gudstjenestene hos oss. I Meland kyrkje er det folk som kan snakke flere fremmede språk. Og det er også vi andre som sitter der i benkene og gjør vårt beste for å følge med på begge våre offisielle målføre. Og på samme måte er det med alle dialektene som summer under kirkekaffen etterpå.

Pinsen viser oss virkeligheten i det ene evangeliske budskapet i den mangfoldige verdensomspennende kristne forsamling.



Drømmer om fredssenter for Fulanifolket

Tekst og foto: Steinar Kristiansen

Vest-Afrika-misjonæren Frode Brügger Sætre minner seg selv på at han må huske å være takknemlig. Han tenker for egen del, og for oss alle, at det er så lett å fokusere på problemene, og så glemmer vi alt vi har å takke for.

– Det er mye jeg er takknemlig for. Jeg har hatt god helse her, og det gjør at jeg kan trives og ha det bra.

Sætre er utsending for NMS (Det Norske Misjonsselskap) blant fulanifolket. Tradisjonelt har de vært regnet som et seminomadisk folk med løse røtter over en stor del av Vest-Afrika. Men i slutten av juni, kan du treffe ham på generalforsamlingen til NMS i Bergen. Lørdag 27. juni er han festtaler i storstua på Scandic Hotel på Flesland. Her vil han blant annet snakke om takknemlighet.

Lenge arbeidet han i Mali, men en stadig forverret sikkerhetssituasjon i landet har gjort at han har måttet flytte til Elfenbenskysten, der han nå har base nordvest i landet, en misjonsstasjon eid av Norsk Luthersk Misjonssamband.

NMS-utsendingen er takknemlig for at Gud har ledet ham til en del strategiske personer i regionen han arbeider i. – Jeg føler jeg kan hvile i de relasjonene.

Han trekker særlig frem vennen Seydou, en fulanier som har åpnet dører for evangeliet.

– Jeg ønsker at jeg sammen med Seydou, eller flere andre kristne fulaniere, kan bygge opp ett eller flere fredssentre for fulanifolket.

Han beskriver visjonen som en fulaniplass med mye dyr, for fulanerne liker dyr. Her skal det være en mulighet til å komme, en åpen dør der folk kjenner seg velkommen, enten for kortere eller lengre tid – uansett med fokus på fellesskap.

Frode søker å leve etter Paulus' brev til filipperne 2, vers 5–11, hvor Paulus skriver om å la Kristi sinnelag få være i oss. Frode tenker at misjonsarbeidet begynner med å stige ned.



En del av Fulanifolket har etablert seg i de tropiske grenseområdene mot Guinea. Frode Brügger Sætre trives sammen med fulanifolket.



En del av Fulanifolket har etablert seg i de tropiske grenseområdene mot Guinea. Frode Brügger Sætre trives sammen med fulanifolket.

– Som misjonærer må vi gi avkall på vår egen kompetanse, sier han ettertenksomt og understreker at de gode relasjonene er preget av gjensidighet.

Her får du informasjon program for generalforsamlingen til NMS og påmeldingsmulighetene: nms.no/gf



RISNES
ELEKTRO AS
Elinstallatør · tlf. 56349620



Specsavers
OPTIKER I KNARVIK
-Bestill synsprøve nå!
RING 56 35 14 66



NMS Sommerfest & Generalforsamling 2026

Kom, bli med til sommerfest og generalforsamling på hotellet Scandic Flesland Airport 25. – 28. juni!

Velkommen til innholdsrike og inspirerende dager!

På Scandic Flesland Airport samles vi til fellesskap, tro og engasjement, med rom for refleksjon, feiring og fornyelse. Vi gleder oss til god forkynnelse som utfordrer og oppmuntrer, spennende seminarer som åpner blikket for verden, og møter og forhandlinger, samt en ekstra sak om medlemskap og struktur i Norges-arbeidet. Du får også med deg flotte konserter, både på Flesland og i Bergen sentrum!

Dette blir en sommerfest og et viktig møtepunkt for hele misjonsfamilien.

Vi gleder oss til å se deg i Bergen!

Hilsen

Bjarne Andersen, leder for hovedkomiteen

Bygg Team
VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

AMFI
KNARVIK



KULTUR- KALENDER

Torsdagar kl. 12.00

Sommarmusikk i Meland kyrkje
på desse dagane:

25. juni, 2. juli, 9. juli, 16. juli, 23.
juli og 30. juli

Laurdag 27. juni

Knarvik kyrkje kl. 17.00

Konsert m/ SKRUK og militærkoret
LOVA frå Madagaskar

Laurdag/søndag 11., 12., 18., 19., 25. og 26. juli

Lygra kyrkje kl. 12.00-16.00

Open kyrkje og utstilling med Ingvild
Skår, Mailinn Bergås Hatten, Synnøve
Sellevold og Inger Sellevoll

Onsdag 15. juli

Meland kyrkje kl. 19.00

Musikkandakt med Domkirkeorganist
Sigurd Melvær Øgaard

Onsdag 26. august

Meland kyrkje kl. 19.00

Musikkandakt med Solveig (sang) og
Andreas Westermoen (piano)

Torsdag 27. august

Knarvik kyrkje kl. 19.00

”Dar gjekk dampen, men her kjem
vi.” Velkomen til eit streiftog i natur
og landskap i Nordhordland og eit
møte med folk som bur der. Billett på
easyticket.no og ved inngangen.

Arr.: Nordhordland musikkteater/
KnarvikMila

Laurdag 12. september

Ostereidet kyrkje kl. 18.00

Godbiter for cello og flygel med Aage
Kvalbein (cello) og Reidun Askeland
(flygel)

Søndag 13. september

Manger kyrkje kl. 18.00

Godbiter for cello og flygel med Aage
Kvalbein (cello) og Reidun Askeland
(flygel)

Søndag 20. september

Ostereidet kyrkje kl. 18.00

Konsert med Sveinung Hølmebakk og
Te Deum

Onsdag 23. september

Meland kyrkje kl. 19.00

Musikkandakt med Ludvig Lindström
(sang) og Magnus Blom (orgel og
piano)

Lørdag 26. september

Meland kyrkje kl. 18.00

Nynorsk salmekveld med Solveig
Westermoen, Arve Kjell Uthaug, Lise
Herland og Magnus Blom




Barnas

Finn 5 feil

Desse to bilda er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?



Teikning: Aleksei Bitskof



Ordsøk

I rutenettet gøymmer det seg 10 land. Leit bortover og nedover. Greier du å finne alle?

S	V	D	E	Y	L	F	B	Z	E
V	Z	A	V	K	F	R	E	P	T
E	N	N	X	C	I	A	L	K	Y
I	D	M	L	N	N	N	G	I	S
T	Z	A	K	O	L	K	I	T	K
S	I	R	L	R	A	R	A	A	L
V	N	K	U	G	N	I	K	L	A
Q	L	D	T	E	D	K	C	I	N
S	V	E	R	I	G	E	P	A	D
Y	P	S	E	N	G	L	A	N	D

Vitsar:

- Hunden min har ingen nase.
- Korleis luktar han, då?
- Forferdeleg.

Kva for ein hage skal ikkje vatnast? Barnehagen!

Søndagsskolen - mer enn du tror

Andakt



Tekst og foto: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

Det var ein nydeleg vårdag. Du veit, ein sånn dag der graset ikkje heilt har begynt å verta grønt, men overalt kjem det fram små, gule hestehovar. Dei strekk halsen mot solstrålane som leikar seg på bakken og varmar sjela til dei som går forbi.

Me var på søndagstur i Brekkeløypa ein slik vårdag, og trearingen på sykkel stoppa



plutseleg, gjekk av sykkelen og sprang ut i grøfta. Han sette seg på huk og begynte å plukka hestehov.

Med eit smil om munnen og ein liten bukett i handa sette han seg på sykkelen og turen fortsette. Me snakka litt om desse hestehovane som pressar seg fram år etter år, og som på ein måte seier til den framleis kalde og grå bakken at «hei du, no skal våren, lyset og håpet fram!»

Då er det ekstra fint at desse vårdagane ofte kjem rundt same tid som påsken. Det kan vera ei fin påminning om det store under som skjedde då. For det er faktisk sånn at lyset og håpet har kjempa seg fram og vunne mot mørket. Jesus si nådefulle gåve til oss forandrar alt. Den er det me kan tru på, håpa på, leva på – og døy på. Jesus er lyset for verda.

For som me seier i kvar dåp: Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørket, men ha livsens lys.» (Joh 8,12)

Ein liten hestehov kan minna oss om lyset og om håpet. Minna oss om Jesus si kjærleikserklæring til oss menneske. Minna oss om at kjærleiken han viste – og viser – oss er sterkare enn døden.

Kanskje kan dei små hestehovane minna oss om Gud sin store kjærleik til oss menneske.

Kanskje kan me plukka med oss ein liten bukett og setja i ein vase på bordet, og på den måten verta minna om at Jesus sin kjærleik ikkje stoppa påskedag; den er med oss alle dagar.

Den er hjå oss midt i kvardagen – for Gud er kjærleik.

Som det står i 1. Johannes brev: «Gud er kjærleik, og den som blir verande i kjærleiken, blir verande i Gud og Gud i han.»



Brigt sammen med Abhimanyu, tidligere rektor ved BTI

Reisebrev fra Nepal – oktober 2025

Tekst og foto: Brigt Roar Skeie, lærer ved Knarvik vidaregåande skule og frivillig i HimalPartner

Jeg skulle opprinnelig ha vært på en ny tur til Nepal i påsken 2026, men denne reisen ble dessverre avlyst som følge av situasjonen og krigen i Midtøsten. Planen var å sende ut et ferskt reisebrev etter denne turen. Siden det ikke ble noe av påsketuren i år, ønsker jeg i stedet å dele noen tilbakeblikk og erfaringer fra turen jeg og Jan Eirik Spurkeland hadde høsten 2025.

Etter ankomst i Kathmandu bar det rett videre med bil mot Pokhara. Veien bød på spennende trafikk med lange køer grunnet festivalavslutning og trafikkulykker. Elektrifisering av bilparken i Nepal har vært betydelig det siste året. Mange privatbiler, taxier og minibusser er elektriske, og det var jevnt med ladestasjoner langs veien. Vel fremme i Pokhara møtte vi utsendingene Calle og Ellen. Vi fikk spørsmål om å hjelpe dem med en trommel på en peanøttbrenner. Brenneren brukes i produksjon av peanøttsmør og har en trommel med manuell sveiv. Calle ønsket å montere en motor på trommelen. Jan Eirik fikk magetribbel og måtte være på hotellet de første dagene. Han bidro med teknisk fjernsupport fra hotellet. Kjededrift og elektromotor ble koblet opp mens vi var i Pokhara. Det ble mange lokale handleturer på motorsykel for å skaffe nødvendige komponenter.



Butikk med skruer og mutre



Jan Eirik jobber med motor til peanøtt-trommel

Oppholdet i Pokhara ga rom for mange betydningsfulle møter med både erfarne fagfolk og lokale bedrifter. Vi tilbrakte tid med misjonærer som har over 45 års erfaring fra Himalaya. Et besøk hos Bijay Engineering ga oss tilgang til et profesjonelt verksted for sveising av deler til peanøtt-trommelen. Vi besøkte også en lokal instrumentmaker som lager gitarer og smykker.

Oktober og november har normalt flott og stabilt vær med utsikt til fantastiske fjellrekker. Den uka vi var i Pokhara var det skikkelig vestlandsvær med regn og lavt skydekk. Opprinnelig hadde vi planlagt å dra videre til Butwal. I Butwal ligger Butwal Technical Institute (BTI), en yrkesskole som Knarvik videregående skole har hatt et Norad-prosjekt med. På grunn av det dårlige været var flyplassen i Pokhara stengt i flere dager. Vi måtte derfor avlyse turen videre til Butwal. Da flyplassen åpnet igjen, kom vi oss på et fly tilbake til Kathmandu. Det ble da en flytur på 30 minutter, i stedet for 12 timer i en taxi.

I Kathmandu møtte vi Abhimanyu, tidligere rektor ved BTI, for en lengre samtale om skolens fremtid og utviklingen av nepalsk industri. Han delte sine visjoner om å etablere et moderne maskinverksted for å produsere kritiske komponenter til vannkraftsektoren. Industrien kunne da unngå å bli avhengig av import fra nabolandene. Det ble også diskutert hvordan Jan Eiriks kompetanse innen relasjonsledelse kan brukes til å styrke staben ved skolen i fremtiden.

Siste dag tilbrakte vi på Kathmandu Universitet (KU), hvor vi blant annet besøkte designlaben for å se på en ny kneprotese for barn. Protesen utvikles i samarbeid med BTI, og Jan Eirik bidro med konkrete råd om hvordan den kan gjøres mer brukervennlig gjennom modulbaserte løsninger. Etter en omvisning på universitetets vannkraftlaboratorium, satte vi kursen mot flyplassen. Vi ser frem til neste mulighet for å reise til Nepal!



Lokal butikk med lamper og elektriske komponenter



Regnvær i Pokhara

Tankestrek

Av Ruben Sæle

Korleis har Gud vist seg for deg i dag?

Kanskje eit litt uvant spørsmål. Er det ikkje berre spesielt heilage menneske – om nokon – som får sjå Gud? Er det mogleg at Gud kan vise seg for heilt vanlege menneske? Kva bør ein i så fall sjå etter?

Ignatius av Loyola som levde på 1500-talet, kan hjelpe oss med desse spørsmåla. Han var soldat, men blei skada då han fekk ei kanonkule i foten og blei sengeliggande i lang tid. Som tidtrøyte ville han lese riddarromanar, men alt dei hadde, var ei samling helgenbiografiar og ei skildring av Jesu liv. Desse las han fleire gonger, og han blei meir og meir inspirert til å gjere liknande ting som helgenane.

Dette blei starten på ei reise for Ignatius, både bokstaveleg og metaforisk. Han reiste rundt i Europa og til Det heilage landet, studerte og snakka med høg og lav. Alt for å lære meir om korleis Gud viser seg for menneska, slik som han hadde lese om. Han skjønnte at Gud er i alle ting, vi må berre øve oss på å sjå etter.

Ignatius laga eit sett med åndelege øvingar, måtar å øve seg på å kjenne igjen kva Gud gjer. Den viktigaste øvinga for han var det daglege tilbakeblikket der ein går gjennom dagen som har vore, i bøn til Gud. Her er ein enkel versjon om du som les har lyst å prøve:

Takk Gud for det som har vore positivt. Eit smil frå ein kollega, ein vakker solnedgang, ei oppgåve på jobb som er fullført, til dømes. Dette er Guds gæver til deg i dag.

Be for det som har vore vondt eller vanskeleg. Usemje med sjefen, krangling med barna, bekymringar og liknande. Fortel Gud om desse tinga. Kanskje kan det dukke opp løysingar? Om ikkje anna kan det lette på trykket i tankane før ein skal sove.

Sjå framover. Be for dagen som kjem. Vil du gjere noko annleis? Eller gjenta noko som fungerte? Be Gud om å vise seg for deg også denne dagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

Besøks- og postadresse kontor og Møteplassen: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug.

Opningstid: Kontoret på Frekhaug er til vanleg bemanna man-fre kl. 10-15. Ta gjerne kontakt for avtale.

Telefon: 4000 1691
kvar dag kl 10.00 – 14.00.
post.meland@kyrkja.no
www.melandkyrkja.no

Facebookside: Meland kyrkjelyd

Kontonummer: 3632 07 04019

Vipps: 59301
Hugs å merka kva betalinga gjeld.



Følg oss på Facebook:
[@melandkyrkja](#)

Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø
post.alver@kyrkja.no
www.kyrkja.no/alver

Leiar i fellesrådet: Sølvi Knudsen

Kontakt

Utgjevar: Soknerådet i Meland sokn, i samarbeid med Osterfjorden sokn, Mo sokn, Knarvik sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Berit Nøst Dale

Lokal redaksjon: Anne Sofie N. Uthaug, Berit Nøst Dale

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Aksell

Framsdebilete: Glimt frå kyrkjelyden sine aktivitetar, i kyrkja og på kyrkjetoget.



Magnus Blom
Kyrkjemusikar - 458 60 571
mb297@kyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle
Kyrkjelydspedagog - 400 01 691
ad423@kyrkja.no



Per Arne Traa
Soknerådsleiar - 415 59 121
perarnetraa@gmail.com



Cecilie Grindheim
Administrasjonssekretær - 415 43 217
cg638@kyrkja.no



Mounir Sarhan
Kyrkjetenar
471 91 961



Helge Taranrød
Prost
ht759@kirken.no



Bjørn Tore Sæle
Sokneprest - 450 35 084
bs694@kyrkja.no



Ruben Sæle
Diakon med ungdomsfokus
400 01 691 - rs433@kyrkja.no



Anne Sofie Nergård Uthaug
Dagleg leiar - 404 62 647
au887@kyrkja.no



John Fredrik Wallace
Kyrkjevevje
jw734@kyrkja.no



Eva Kristin Dale Wessman
Spesialprest (vikar)
957 30 733 - Ew562@kyrkja.no

Gudstjenester i Meland

Søndag 21.06 kl. 11:00

Søndagsåpent med nattverd v. Bjørn Tore Sæle
4. søndag i treeiningstida

Søndag 28.06 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Bjørn Tore Sæle
5. søndag i treeiningstida

Søndag 05.07 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Bjørn Tore Sæle
6. søndag i treeiningstida

Søndag 12.07 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Bjørn Tore Sæle
7. søndag i treeiningstida

Onsdag 15.07 kl. 19:00

Musikkandakt i Meland kyrkje

Søndag 19.07 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Eva Kristin Dale Wessman
8. søndag i treeiningstida

Søndag 26.07 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Eva Kristin Dale Wessman
9. søndag i treeiningstida

Søndag 02.08 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Eva Kristin Dale Wessman
10. søndag i treeiningstida

Søndag 09.08 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Eva Kristin Dale Wessman
11. søndag i treeiningstida

Søndag 16.08 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Bjørn Tore Sæle
12. søndag i treeiningstida

Søndag 23.08 kl. 11:00

Løvegiengudsteneste med nattverd v. Eva Kristin Dale Wessman
13. søndag i treeiningstida
Med Ranselbøn

Onsdag 26.08 kl. 19:00

Musikkandakt i Meland kyrkje

Søndag 30.08 kl. 11:00

Friluftsgudsteneste v. Bjørn Tore Sæle
Vingardssundagen
På Holmeknappen / Kystsogedagane

Søndag 06.09 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Eva Kristin Dale Wessman, biskop Ragnhild Jepsen m.fl.
15. søndag i treeiningstida
Ordinasjon og innsetjing av Eva Kristin Dale Wessman

Lørdag 12.09 kl. 10:00, 12:00 og 14:00

3 konfirmasjonsgudstenerer v. Bjørn Tore Sæle

Søndag 13.09 kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste v. Bjørn Tore Sæle
16. søndag i treeiningstida

Lørdag 19.09 kl. 10:00, 12:00 og 14:00

3 konfirmasjonsgudstenerer v. Eva Kristin Dale Wessman og Ruben Sæle

Søndag 20.09 kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v. Eva Kristin Dale Wessman
17. søndag i treeiningstida
Sjømannskirke-gudsteneste, besøk av Vigdis Alte



Slekters gang

Dåp i Meland sokn

15.02.2026 Levi Toemkrathok Herland
15.02.2026 Magne Skjelanger Hauger
21.02.2026 Simon Øvrebo
01.03.2026 Milea Tveit Nakken
01.03.2026 Even Normann Kvalheim Monsen
15.03.2026 Mia Ulvesæter
22.03.2026 Benjamin Elias Tvedt
29.03.2026 Leander Bakke Skintveit
12.04.2026 Varg Landaas Haugen
12.04.2026 Bo Ulrik Rosnes
26.04.2026 Ludvig Wiig Furnes
26.04.2026 Storm Manoharan Andersen
03.05.2026 Keylinn Sara Kashafali-Tangen

Vigsler i Meland

18.04.2026 Fredrik Røed og Regine Norheim

Gravferder i Meland

20.02.2026 Anne Lorange
06.03.2026 Marit Langeland
10.04.2026 Mons Eikeland
10.04.2026 Jarle Johan Landsvik



Musikk – midt på dagen, midt på sommaren

Tekst: Anne Sofie Uthaug

Vår gode kyrkjemusikar, Magnus Blom, gjer seg no klar til sommarmusikk i Meland kyrkje heile høgsommaren. Kvar torsdag frå 25. juni til 30. juli kl. 12.00 kan du lytte til klassisk pianomusikk. Minikonserteren varer om lag 30 minutt og er fin å kombinere med ein biltur eller felltur i området, eller å sjå til gravplassen. Gratis inngang.

(Sjå elles Kulturkalenderen s. 11)